

SFO BJERKREIM SKULE 2020/2021

Velkommen til eit nytt år i SFO!

I år er vi til saman 20 elevar frå 1.-4. klasse.

For at det ikkje skal oppstå nokon misforståing, ønskjer vi å ha:

- **Fast avtale** dersom ein elev skal gå eller sykle heim frå SFO
- **Melding** dersom eleven ikkje skal på SFO ein dag, er sjuk, eller skal heim til anna tid enn avtalt. Denne meldinga vil vi ha skriftleg ,eller på telefon.

Telefonnummer til SFO er: 488 98 162

På denne telefonen kan de gjerne legge igjen beskjed, vi svarar alltid på meldingar. Dersom du ikkje får: OK + namnet til den som mottar meldinga til svar så er ikkje meldinga motteken. Dersom du ringer og ikkje får svar, så ringer vi alltid tilbake så fort vi kan.

Mål for Bjerkreim skule SFO:

- Gi barna omsorg og tilsyn
- Skape gode vilkår for leik, sjølvstende og fritidskjensle
- La barna oppleve humor og glede
- Legga til rette for fysisk aktivitet og mestring
- Gi rom for rolege aktivitetar og kvile
- Skape eit godt psykososialt miljø

Informasjon:

SFO held til i eigne lokalar i underetasjen til skulen mot ballbingane. I tillegg kan SFO nytta gymsal, bibliotek/datarom, kjøkken og andre rom ved behov.

Vi vil også i år ha ein "lagedag" med ulike aktiviteter ca 1 gang kvar veke.

Elles blir det mykje tid til leik både ute og inne. Det er viktig for oss at elevane trivst i SFO. Derfor får dei til ein viss grad bestemme sjølv kva dei vil gjera. Sfo skal vera med å leggje til rette for at barna får ein trygg og stabil barndom saman med heim og skule. SFO-tilbodet skal leggje vekt på barna sine eigne behov og rett til å velja og å skapa kontakt mellom barn på ulike alderssteg og klassetrinn. Det skal vera eit trygt leikemiljø der barna skal læra å visa respekt og omsorg for kvarandre, samt respektera grenser som blir satt av dei vaksne og dei reglar som gjeld for bruk av rom og utstyr.

Det hender at vi får spørsmål om elevane kan ta med egne spel, som Nintendo DS eller liknande, til SFO. Dette er i orden for oss, men vi vil setje grenser for kor lenge dei får sitja og spele. Dei får ikkje tilgang til internett. Spela tek elevane med på eige ansvar. OBS! SFO er nettbrett og mobilfri sone ☺

Vi er ofte ute. Send derfor med varm genser, lue, vottar utebukse/dress, regntøy og støvlar. Dersom dette heng på skulen, hentar vi det der. Merk klede og sko tydeleg! Dersom vi sender med våte klede heim så husk å send med nytt tilbake.

Mat:

For dei elevene som har bestilt mat så serveras måltidet (etter leksehjelp) på skulekjøkkenet ca kl. 13.30. Vi lærer om bordskikk og sit saman til alle er ferdige. Elevar som ikkje skal kjøpe mat, må ha med eiga nistepakke. Hugs å sende med nok mat. Elevane kan ete medbrakt frukost på SFO. Ta med vannflaske til å ha på SFO!

Opningstider:

- Morgon alle dagar kl. 07.00-08.00
- Ettermiddag måndag, tysdag, torsdag og fredag kl. 13.00-16.30. Onsdag kl. 11.45-16.30
- Vi gjer merksam på at SFO ikkje opnar før kl. 07.00. Skulen/SFO kan ikkje ha tilsyn med elevar som møter tidlegare.
- Henting: "SE MEG NÅR DU HENTAR MEG" Med dette ønskjer vi at du kjem inn på SFO. Dette opnar for at du ser barnet i samspel med andre barn og kan føre til gode samtaler mellom deg og ditt barn. Gje alltid beskjed til en vaksen når du hentar barnet!
- Det er kjekt at elevar følgjer kvarandre heim etter SFO, men dersom nokre elevar skal følgja andre elevar heim så ber vi om at det blir avtalt før henting, helst dagen før. Vi opplever at det blir ein del mas når foreldra kjem og at dette ofte smittar over på andre elevar. Det opplevast òg sårt og vondt for dei elevane som aldri blir inviterte til nokon.
- Vennleg respekter opningstida!

Personalet i SFO er her for barna dykkar. Dei vaksne i SFO er:

- Solvor M. Maudal, assistent.
- Lærling i Barne- og ungdomsarbeiderfaget.
- Siw Renée Israelsson, SFO-leiar.

Er det noko de lurar på, er det berre å ta kontakt!

Håper vi får eit kjekt år saman i SFO.

Mvh Siw Renée Israelsson, SFO-leiar.